

SAKSGANG		
Organ	Møtedato	Saksnummer
Representantskapen	26.4.2019	1-5
		Referat
Saksbehandlar:	Anniken Rygg	

**Trivselshagen IKS – referat frå møte i Representantskapen i Trivselshagen IKS**

Det var kalla inn til møte i Representantskapen i Trivselshagen IKS, fredag 26. april kl. 10-12. Møtet fann stad på Skei hotell.

**Desse deltok på møte:**

Frå Representantskapen møtte alle faste medlemar; Ole Johnny Stubhaug (leiar), Bernt Reed (medlem), Katrine Anita Heggelund (medlem) og Anders Kristian Sægrov (nestleiar).

Frå kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune møtte Klaus Iversen.

Frå styret møtte styreleiar Trond Ueland og dagleg leiar Anniken Rygg.

**Sakliste:**

**1/19 Godkjenning av innkalling og sakliste**

Det var ikkje merknad til innkalling og sakliste.

**2/19 Val av møteleiar, skrivar og 2 til underskrift av møteboka**

Ole Jonny Stubhaug vart vald til møteleiar. Anniken Rygg vart vald til skrivar. Katrine Anita Haugerøy Heggelund og Bernt Reed vart valde til å underteikne møteboka. Vala var samrøystes.

**3/19 Godkjenning av årsmelding 2018.**

Innstilling frå styret

Representantskapen godkjenner framlagt årsmelding for 2018. Innstillinga var samrøystes.

**Vedtak**

Representantskapen godkjenner framlagt årsmelding for 2018. Godkjenninga var samrøystes.

**4/19 Godkjenning av årsrekneskapen 2018**

Innstilling frå styret:

Postadr.:  
6823 Sandane

Telefon:  
41624470

Organisasjonsnr.:  
991 625 348

E post  
Anniken@theigedom.no

Representantskapen godkjenner framlagt årsrekneskap for 2018 samt overføring av rekneskapsmessig mindreforbruk i 2018 på kr 461.568,- til egenkapital. Styret tek atterhald om godkjent revisjonsmelding. Innstillinga var samrøystes.

**Vedtak:**

Representantskapen godkjenner framlagt årsrekneskap for 2018 samt overføring av rekneskapsmessig mindreforbruk i 2018 på kr 461.568,- til egenkapital. Representantskapen tek godkjent revisjonsmelding til vitande.

### **5/19 Utgreiing av organisasjonsform og struktur i Trivselshagen IKS.**

Saka vart lagt fram for Representantskapen som orienteringssak på møte 26.4.2019.

Saka vart drøfta.

Representantane frå Gloppen kommune, Bernt Reed og Katrine Anita Haugerøy Heggelund la fram framlegg om følgjande vedtak:

1. *Representantskapet ber styret gjennomføre tiltaka i rapporten frå Vidsyn AS med utgangspunkt i at IKS-et blir eit eigedomsselskap i samsvar med tilråding nr 16 i rapporten.*
2. *Representantskapet ber styret engasjere ekstern hjelp til å utgreie omgjeringa av IKS-et til eit eigedomsselskap.*
3. *Styret sitt arbeid må vere avslutta til 15. august 2019.*

Framlegg frå leiar i Representantskapet Ole Jonny Stubhaug:


*Representantskapen tek drøfinga til vitande.*


Framlegget frå Reed og Heggelund fall mot 3 røyster (inkl. dobbelrøysta til leiar i Representantskapen).

**Vedtak:**


Representantskapen tek drøfinga til vitande. Framlegget frå Stubhaug vart samrøystes vedteke.

Sandane 26.4.2019

  
Anniken Rygg  
skrivar



Katrine Anita Haugerøy Heggelund



Bernt Reed